

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Vestland ungdomsutval
<b>Møtestad:</b>	Thon Hotel Jølster, Skei
<b>Dato:</b>	17.09.2021
<b>Tid:</b>	10:00-16:30

**Følgjande faste medlemer møte:**

<u>Namn</u>	<u>Funksjon</u>	<u>Representerer</u>
Mia Holdhus	Leiar	
Sander Aase	Medlem	
Emil Øvretveit	Medlem	
Inger Christin Hystad Barane	Medlem	
Hallvard Olav Gjerland Lervik	Medlem	
Marius Helgheim Ahmt	Medlem	
Synne Skulstad Birkhaug	Medlem	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

<u>Namn</u>	<u>Funksjon</u>	<u>Representerer</u>
Matilde Myklatun Hole	Medlem	
Emilie Mortvedt Troland	Nestleiar	

**Følgjande varamedlemer møte:**

<u>Namn</u>	<u>Møtte for</u>	<u>Representerer</u>
Maren Sævild	Matilde Myklatun Hole	
Evelyn Bjørnbekk	Emilie Mortvedt Troland	
Michal Niedzwiecki		
Andrine Lundekvam		
Theodor Solheim Gjenga		
Ingrid Hjartåker Wigand Lien		

**Merknader****Frå kontrollnemnda møte:**

Lisa Horpen (leiar) og Leander Sunde.

**Frå administrasjonen møte:**

<u>Namn</u>	<u>Stilling</u>
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær, politisk sekretariat

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 11/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 09.06.2021	2019/82	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 21/21	Notat møtegodtgjersle til Vestland ungdomsutval (VU)	2019/82	
RS 22/21	Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021	2021/26593	
RS 23/21	Årsmelding for ungdomen sitt kommunestyre i Luster 2020	2019/82	
RS 24/21	Vedtak planprogram - regional plan for klima	2019/82	
RS 25/21	Inntak til vidaregåande skule i Vestland fylke 2021	2019/82	
RS 26/21	Miljøløftet - årsmelding 2020	2019/82	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 29/21	Høyring av Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033	2021/21417	
PS 30/21	Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021	2020/37052	
PS 31/21	Invitasjon til ressursgruppa til EU-prosjektet YESpecialists	2019/82	
PS 32/21	E-sport i Vestland fylke	2019/82	
PS 33/21	Møteplan 2022 - Vestland ungdomsutval	2019/82	
PS 34/21	Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021		
PS 35/21	Notat møtegodtgjersle til Vestland ungdomsutval (VU)		

## Godkjenningssaker

### GK 11/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

**Sander Eide Aase** gjorde framlegg om å sette følgjande referatsaker (RS-sak) på sakskartet som politisk sak (PS-sak):

- RS 21/21 Notat møtegodtgjersle til Vestland ungdomsutval (VU)
- RS 22/21 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020-2021

Vestland ungdomsutval slutta seg samrøystes til dette.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknaden over.

### GK 12/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 09.06.2021

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

Møteprotokoll frå møte 09.06.21 vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### RS 21/21 Notat møtegodtgjersle til Vestland ungdomsutval (VU)

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

Vart referert.

### RS 22/21 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

Vart referert.

### RS 23/21 Årsmelding for ungdommen sitt kommunestyre i Luster 2020

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

Vart referert.

### RS 24/21 Vedtak planprogram - regional plan for klima

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

Vart referert.

### RS 25/21 Inntak til vidaregåande skule i Vestland fylke 2021

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

Vart referert.

### RS 26/21 Miljøløftet - årsmelding 2020

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

Vart referert.

## Politiske saker

## PS 29/21 Høring av Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033

Forslag til vedtak

1. Vestland ungdomsutval kjem med følgjande uttale til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033:

### Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021

**Sander Eide Aase** sette fram slikt fellesforslag:

«Alternativ

Vestland Ungdomsutval syns framlegget til RTP er svært godt.

Me ynskjer å belysa at for vår del er det viktig å få fram alle punkta i vårt politiske planprogram. Mange av punkta basera seg på at det skal verta enklare for born og unge å nytta seg av kollektivtilboda i fylket. Me ser at miljødelen av planen kan nytta godt av ei god ordning på kollektivtransporten i heile fylket. Det må og leggest til rette for at det skal vera lettare å velja kollektiv transport i skuleskyssen.

Me har og eit punkt som går på ras og trafikksikring. Dette er særst viktig i eit fylke som Vestland. Me treng ein vegpolitikk som basera seg på at alle kan ferdast trygt. Fylket må stå på for å få større overføringar frå staten.

Når det kjem til urban mobilitet vil me dra fram ordningar som bysykkel. Dette er noko me ser at det er gode utsikter for å kunna optimalisera ytterlegare. Med til dømes elektriske bysyklar, fleire bysyklar og eit betre parkeringssystem for kommersielle elektriske sparkesyklar.

Transport på sjø er og viktig for å halda på busetnaden langs kysten. Vestland er eit av dei fremste kystfylka i landet. Me og verdsligande på teknologiutvikling. Vestland har moglegheiter til å gå i front, og den moglegheita bør me ikkje la gå i frå oss.

FOT-rutene er ei viktig samferdsleordning som me vonar fylket tek på alvor. Moglegheitene el-fly gjer oss i framtida kan føra til hyppige avgangar mellom alle dei 6 ulike kommersielle flyplassane i fylke, og såleis revolusjonera korleis ein kjem seg fram i Vestland. Dette vil og kunna opna for meir samhandling mellom unge på tvers av mange av dei største regionane i fylket. For at dette skal kunne gå er det og viktig at Vestland Fylke fortsett på eigarsida i Stord Lufthamn, som i framtida kjem til å kunna spela ei stor rolle i Sunnhordlandsregionen si tilknytning til resten av fylket.

Me hadde og ei von om at planen hadde vore litt mindre Bergens-orientert og heller teke for seg utfordringar knytt til kollektiv og mobilitetsutfordringar i heile fylket.»

### Avrøysting

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Uttale frå Vestland ungdomsutval

Vestland Ungdomsutval syns framlegget til RTP er svært godt.

Me ynskjer å belysa at for vår del er det viktig å få fram alle punkta i vårt politiske planprogram. Mange av punkta basera seg på at det skal verta enklare for born og unge å nytta seg av kollektivtilboda i fylket. Me ser at miljødelen av planen kan nytta godt av ei god ordning på kollektivtransporten i heile fylket. Det må og leggest til rette for at det skal vera lettare å velja kollektiv transport i skuleskyssen.

Me har og eit punkt som går på ras og trafikksikring. Dette er særst viktig i eit fylke som Vestland. Me treng ein vegpolitikk som basera seg på at alle kan ferdast trygt. Fylket må stå på for å få større overføringar frå staten.

Når det kjem til urban mobilitet vil me dra fram ordningar som bysykkel. Dette er noko me ser at det er gode utsikter for å kunna optimalisera ytterlegare. Med til dømes elektriske bysyklar, fleire bysyklar og eit betre parkeringssystem for kommersielle elektriske sparkesyklar.

Transport på sjø er og viktig for å halda på busetnaden langs kysten. Vestland er eit av dei fremste kystfylka i landet. Me og verdslaiande på teknologiutvikling. Vestland har moglegheiter til å gå i front, og den moglegheita bør me ikkje la gå i frå oss.

FOT-rutene er ei viktig samferdsleordning som me vonar fylket tek på alvor. Moglegheitene el-fly gjer oss i framtida kan føra til hyppige avgangar mellom alle dei 6 ulike kommersielle flyplassane i fylke, og såleis revolusjonera korleis ein kjem seg fram i Vestland. Dette vil og kunna opna for meir samhandling mellom unge på tvers av mange av dei største regionane i fylket. For at dette skal kunne gå er det og viktig at Vestland Fylke fortsett på eigarsida i Stord Lufthamn, som i framtida kjem til å kunna spela ei stor rolle i Sunnhordlandsregionen si tilknytning til resten av fylket.

Me hadde og ei von om at planen hadde vore litt mindre Bergens-orientert og heller teke for seg utfordringar knytt til kollektiv og mobilitetsutfordringar i heile fylket.

## **PS 30/21 Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021**

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021**

**Nina Bognøy (A)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutval for opplæring og kompetanse 1.kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp.»

#### **Avrøysting**

Bognøy sitt forslag vart satt opp mot innstillinga og Bognøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutvalet for opplæring og kompetanse 1. kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021**

*Vestland ungdomsutval (og dei andre medverknadsorgana) har etter reglement for folkevalde organ og delegering ikkje innstillingsrett. Det har difor skjedd ein feil når VU ligg inne i ein slik saksflyt som går via andre folkevalde organ. VU kan likevel innanfor sitt område gjere vedtak i saka.*

**Sander Eide Aase** sette på vegner av utvalsleiar Mia Holdhus og Maren Sævild fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland Ungdomsutval tek årsmeldinga frå elev- og lærlingeombodet til orientering. Og påpeikar at den er svært informativ og god.

2. Vestland Ungdomsutval ber administrasjonen melda tilbake til Vestland Ungdomsutval 1.kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp.»

### **Avrøysting**

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland Ungdomsutval tek årsmeldinga frå elev- og lærlingeombodet til orientering. Og påpeikar at den er svært informativ og god.

2. Vestland Ungdomsutval ber administrasjonen melda tilbake til Vestland Ungdomsutval 1.kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp.

## **PS 31/21 Invitasjon til ressursgruppa til EU-prosjektet YESpecialists**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vel følgjande representant til ressursgruppa til YESpecialists:

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021**

**Utvalsleiar Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland Ungdomsutval vel Theodor Solheim Gjenga som representant og Evelyn Risnes Bjørnbekk som vararepresentant.»

### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Vestland Ungdomsutval vel Theodor Solheim Gjenga som representant og Evelyn Risnes Bjørnbekk som vararepresentant.

## **PS 32/21 E-sport i Vestland fylke**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021**

**Utvalsleiar Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Det er svært positivt at fylkeskommunen vil legge meir tilrette for gaming og E-sport som idrett. Det er mange som driv på med gaming og E-sport, og det at ein kan legge til rett for til møteplassar er nyttig. Ein e-sport koordinator i Vestland er også noko som kan bidra til at ein får eit meir organisert miljø. Vestland Ungdomsutval stiller seg bak saka og vonar at fylkeskommunen arbeider aktivt for at gaming og e-sport i fylket blir prioritert. For vår del er det også viktig at saka er lågterskel.»

### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Det er svært positivt at fylkeskommunen vil legge meir tilrette for gaming og E-sport som idrett. Det er mange som driv på med gaming og E-sport, og det at ein kan legge til rett for til møteplassar er nyttig. Ein e-sport koordinator i Vestland er også noko som kan bidra til at ein får eit meir organisert miljø. Vestland Ungdomsutval stiller seg bak saka og vonar at fylkeskommunen arbeider aktivt for at gaming og e-sport i fylket blir prioritert. For vår del er det også viktig at saka er lågterskel.

### **PS 33/21 Møteplan 2022 - Vestland ungdomsutval**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 slik det ligg føre

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021**

**Sander Eide Aase** sette på vegner av utvalsleiar Mia Holdhus fram slikt forslag:

«Endring

Møtet 07. februar vert flytta til 03. februar og vert halde fysisk.»

#### **Avrøysting**

Administrasjonen sitt forslag med Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland ungdomsutval vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 slik det ligg føre, men med følgjande endring:

- Møtet 07. februar vert flytta til 03. februar og vert halde fysisk.

### **PS 34/21 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021**

**Sander Eide Aase** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Utvalet tek årsmeldinga til vitande. Vestland Ungdomsutval ynskjer i tida framover å bidra til at mobbeombodet vert meir kjend blant born og unge i fylket.»

#### **Avrøysting**

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utvalet tek årsmeldinga til vitande. Vestland Ungdomsutval ynskjer i tida framover å bidra til at mobbeombodet vert meir kjend blant born og unge i fylket.

### **PS 35/21 Notat møtegodtgjersle til Vestland ungdomsutval (VU)**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021**

**Sander Eide Aase** sette på vegner av utvalsleiar Mia Holdhus fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland ungdomsutval får møtegodtgjersle ut 2021, på bakgrunn av den økonomiske situasjonen. Godtgjersla skal betalast ut i henhold til gjeldande forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Saka kjem opp på neste års fylkesting for ungdom (FFU). VU vil og ha dette med i prosessen under budsjettarbeidet for neste års budsjett.»

### **Avrøysting**

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Vestland ungdomsutval får møtegodtgjersle ut 2021, på bakgrunn av den økonomiske situasjonen. Godtgjersla skal betalast ut i henhold til gjeldande forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Saka kjem opp på neste års fylkesting for ungdom (FFU). VU vil og ha dette med i prosessen under budsjettarbeidet for neste års budsjett.